


RUSMIDDELPOLITISK
HANDLINGSPLAN
FOR
ÅL KOMMUNE
2024 - 2028
Alkoholpolitiske retningsliner



RETNINGSLINER FOR SAL OG SKJENKING AV ALKOHOLHALDIG DRIKK

1.GENERELT

Retningslinene bygger på Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Hallingdal 2012 – 2016 og er grunnlag for tildeling av løyver for sal og skjenking av alkohol i denne perioden. Dei enkelte søknader om sals- og skjenkeløyver for alkoholvarer blir behandla i samsvar med handlingsplanen og dei alkoholpolitiske retningslinene.

Alkohollova av 06.02.89 med endringar av 07.05.21 og tilhøyrande føresegner dannar grunnlag for retningslinene. Alkohollova gjeld for alle områder innan sal og skjenking av alkoholhaldige drikkevarer.

Kommunen har som målsetting å begrense samfunnsmessige og individuelle helseskader gjennom kontrollert bruk av alkoholhaldige drikkevarer. Ved praktisering av retningslinene skal det takast omsyn til eit godt bo- og oppvekstmiljø. Det bør også takast omsyn til at kommunen er ein del av ein turistregion. Bevillingspolitikken skal vere forutsigbar og med retningslinjer som gir næringa godt driftsgrunnlag og konkurransevilkår. Kontroll av innvilga løyver skal sikre at sal og skjenking skjer i tråd med lov og retningslinjer.

2. Løyveperiode og tildeling

Løyveperioden følger kommunens valperiode på 4 år. Løyveperioden går ut 30.09 året etter at nytt kommunestyre er tilrådt, jfr alkohollova § 1-6. Kommunen kan beslutte av løyver likevel ikkje skal opphøyr, men gjelde vidare for ny periode på inntil 4 år, og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltre. Administrasjonen vil innhente opplysningar frå løyvehavar og offentlege etatar jf. Alkohollova § 1-7 b og 1-7 c i forkant av en ny løyveperiode. Løyvehavar med vestenlege merknadar eller avvik frå gitt løyve må søke på nytt innan den frist som kommunen setter.

Ved tildeling og fornying av bevilling skal det leggst vekt på om søkjar kan reknast som egna til å ha sals- eller skjenk. Forhold knytta til vandel skal det leggst vekt på, jf. Alkohollovens § 1-7 b og c. Det skal takast omsyn til tidlegare erfaring med søkjaren sin praktisering av bevilling i form av:

- brot på vilkår som er sett for løyvet
- brot på skjenke- eller aldersbestemmelsar
- endring av driftskonsept utan godkjenning
- klandreverdige ordenstilhøve ved serverings/skjenkestaden
- brot på reklamebestemmingane

- 2.1.1 Kommunen kan gi løyve for sal- og skjenking av alkoholhaldig drikk i
- gruppe 1 (drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol)
 - gruppe 2 (drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent)
 - gruppe 3 (drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol)
- 2.1.2 Type løyve:
- Alminneleg løyve: Løyve gitt for ein lengre periode (vanlegvis ut inneverande løyveperiode)
 - Enkeltstående, bestemt høve: Tilfeldige, offentlege tilstellingar (f.eks. festivaler)
 - Ambulerande løyve: Løyve gitt for skjenking til slutta lag, dvs. innan ei på førehand definert gruppe jf. alkohollova § 4-5
- 2.2.1 Eventuelle løyve skal bli tildelte på ein slik måte at skadeverknadene blir avgrensa og at alkoholpolitiske og sosiale omsyn blir tatt vare på.
- 2.2.2 Dersom ikkje anna er nemnt, gjeld desse retningslinjene både faste og mellombelse sals- og skjenkeløyve.
- 2.2.3 Skjenkestyrar og avløyssar skal ha godkjent prøve i alkohollova, jf. alkohollova § 1-7c. Ved endringar i alkohollova og i andre tilfelle der kommunen finn det nødvendig, kan det bli kalla inn til orienteringsmøte. Skjenkestyrar og stedfortredar har møteplikt på desse møta, jf. alkohollova § 4-3.
- 2.2.4 Det skal ikkje bli godkjent personar som skjenkestyrar eller avløyssar med merknader til vandel etter alkohollova § 1-7b.
- som tidlegare har vist at dei ikkje følgjer alkohollova med tilhøyrande forskrifter og retningslinjer.

3. KONTROLLVERKSEMD

- 3.3.1 Kontroll skal bli utført etter alkohollova § 1-9 og forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. kapittel 9. Kvart løyve skal minimum ha ein kontroll i året. Det skal kvart år bli gjennomført kontrollar tilsvarande tre gonger talet på løyve.
- 3.3.2 Kontrollørar engasjert av kommunen skal ha fri tilgang til sals- og skjenkestaden sine lokale, rekneskap og internkontrollsystem. Nekta tilgang skal bli rekna som brot på aktuelle lover og forskrifter.
- 3.3.3 Kontrollørane skal ha rask melding ved endringar i tildelte løyve.

3.3.4 Rapportar om skjenkekontroll skal sendast kommuneadministrasjonen straks etter kontroll. Kopi av rapporten skal bli sendt til den kontrollerte staden innan sju dagar. Den kontrollerte staden skal ha ein frist på 14 dagar for å svare på rapporten.

4. SKJENKING

4.4.1 Det skal ikkje bli gitt skjenkeløyve til

- serveringsstader knytt til idrettsanlegg og idrettshallar.
- serveringsstader knytt til idrettstilstellingar.
- serveringsstader som fysisk grensar til barnehage eller skule.
- serveringsstader knytt til tilstellingar retta mot barn og unge.
- gatekjøkken, bensinstasjonar, kioskar, flyttbare matvogner og tilsvarende.
- Det skal ikkje drivast skjenking i same bygg kor det vert drive asylmottak. Det skal i alle nye skjenkeløyver informerast om at løyve fell bort om det undervegs i perioden vert etablert asylmottak i same bygg.

4.4.2 Serveringsstader knytt til butikkløale, f.eks. i butikkssenter, kan få løyve til skjenking av alkohol. Skjenkinga kan ikkje starte før kl. 17.00. Ved skjenking, må det berre bli nytta eigen inngang til serveringsstaden. Inngang frå fellesareal i senteret må bli stengt.

4.4.3 Utandørs servering:

Verksemda kan ha tilsvarende løyve ute som inne, med eventuelt andre skjenketider.

Serveringsarealet ute skal vere godkjent av kommunen.

Uteservering skal kunne gå føre seg utan sjeanse for forbipasserande og bebuarar i nærleiken av serveringsstaden.

5. KOMMUNALE BYGG

5.5.1 Det blir ikkje gitt fast skjenkeløyve i kommunale bygg.

5.5.2 Som eit unntak til pkt. 2.5.1 kan det i samråd med kulturhusleiaren bli gitt skjenkeløyve i eigna lokaler i Ål kulturhus.

5.5.3 I institusjonar og bustader med heildøgns omsorgstenester kan det, utan løyve, bli servert alkohol til eigne bebuarar og deira gjester, jf. rundskriv I-6/98 kapittel 8.9.4. Slik skjenking kan ikkje skje mot vederlag.

6. SKJENKESTADER

6.6.1 Vegkroer og kafeteriaer kan bli gitt skjenkeløyve i gruppe 1 og 2.

6.6.2 Serveringsstader og andre lokale eigna til skjenking og som ikkje er nemnde i pkt. 4.4.1, 4.4.2, 5.5.1 kan bli gitt løyve til skjenking i gruppe 1, 2 og 3.

6.6.3 For minibar/kjøleskåp på hotellrom kan det bli gitt løyve for gruppe 1 og 2 dersom staden elles har løyve for slik skjenking. Personar som ikkje tilfredsstiller krava til å bli skjenka etter alkohollova § 1-5 (alder) må bli hindra i å få tilgang til alkoholhaldig drikk.

6.6.4 Stader med fast skjenkeløyve kan få løyvet utvida til å gjelde godkjent uteareal. Løyvehavar må ha ein god kontroll med at slik skjenking skjer innanfor alkohollova.

6.6.5 Stader med fast løyve kan ikkje få anna løyve (ambulerande eller tilsvarande). Eksisterande løyve kan bli søkt utvida etter pkt. 2.7.3 i retningslinene.

6.6.6 Dersom forhold på skjenkestaden gjer det vanskeleg å halde kontroll med at vilkår i lover, forskrifter og retningslinjer blir halde, må det bli etablert rutinar som eliminerer faren for brot.

Dette kan vera

- alderskontroll i dør/port.
- vakthald som sikrar at det ikkje kjem inn personar "feil" veg.
- vakthald som hindrar langing ut frå område med uteservering.
- vakthald som sikrar at uvedkommande ikkje får tildelt/tar drikke utskjenkt til andre.

7. AMBULERANDE LØYVE OG TILFELDIGE TILSTELLINGAR

7.7.1 Ål kommune har fem ambulerande løyve, jf. alkohollova § 4-5 for skjenking i gruppe 1, 2 og 3.

7.7.2 Tilstellingar som varar i inntil seks dagar kan bli definerte som "eit bestemt høve". Til slik tilstelling kan det bli gitt skjenkeløyve i gruppe 1, 2 og 3. Det kan maksimalt bli gitt to slike løyve samtidig.

Det blir stilt krav til vakthald ved arrangementet. Vaktene skal ha god kjennskap til alkohollova sine reglar.

7.7.3 Skjenkestader med løyve for skjenking i gruppe 1 og 2 kan få løyve for skjenking av drikk i gruppe 3 ved bestemte høve. På same vis kan skjenketida bli søkt utvida ved bestemte høve.

8. SKJENKETIDER

8.8.1 Alkohollova § 4-4 set avgrensingar for når det kan bli skjenkt.

Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 med 22 volumprosent alkohol eller meir kan skje frå kl. 13.00 til kl. 02.00.

Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 kan skje frå kl. 08.00 til kl. 02.00.

For Ål kommune blir det fastsett slik skjenketid:

Skjenking kan skje fram til kl. 02.00 inne og kl. 02.00 utandørs.

Utskjenkt drikk må bli konsumert innan 30 minutt etter at skjenketida er gått ut.

8.8.2 Skjenkestaden må avslutte skjenking seinast 30 minutt før ordinær stengetid.

8.8.3 Skjenking av drikk i gruppe 1 og 2 til overnattingsgjester kan skje ut over desse skjenketidene. Slik skjenking skal ikkje skje i lokale som til vanleg blir nytta til skjenking.

Skjenketid når ein skal stille klokka (sommartid/vintertid): Skjenketiden utløper når klokka blir 02:00 første gong den natta, og utvides ikkje med ein ekstra time.

9. SALSSTADER

9.9.1 Det blir ikkje gitt salsløyve i kommunale bygg.

9.9.2 Ordinære daglegvareforretningar kan etter søknad få innvilga løyve til sal av alkoholhaldige varer med inntil 4,7 volumprosent alkohol, jf. alkohollova § 3-1.

9.9.3 Netthandel Alkoholloven opnar for at det kan gis bevilling til nettsal av øl, jf §3-1 andre ledd. Det vert vist til alkoholforskrifta kapittel 2 og 3 som gjeld sal og utlevering av alkoholhaldig drikk, særleg løyvehavars, styrer og vikar for styrers ansvar for at salet føregår i samsvar med lov og forskrifter. Utlevering av varer må skje innafor dei opningstider som gjeld for løyva. Dette gjeld uavhengig om varen vert utlevert i butikk, er bestilt over internett eller vert kjørt heim til kunden.

10. SALSTIDER

Alkohollova § 3-7 set avgrensingar for når det kan bli selt alkoholhaldig drikk i gruppe 1.

For Ål kommune blir det fastsett slik salstid:

Kl. 08.00 - 20.00 på kvardagar

Kl. 08.00 - 18.00 på dagar før sun- og helgedag, unnateke dagen før Kristi himmelfartsdag.

Sal og utlevering av drikk i gruppe 1 skal ikkje skje på sun- og helgedagar og på

1. mai og 17. mai.

11. BROT PÅ REGELVERK

11.11.1 Brot på regelverket for sal- og skjenking av alkohol, eller anna regelverk som har samband med alkohollova sitt formål om sal av alkohol, blir tatt opp ut i frå rapportar frå sal- og skjenkekontrollørar, politi eller skriftleg klage frå andre.

Når det gjeld brot på alkohollova blir det vist til reaksjonsmønster gitt i alkohollova § 1-8, jf. alkoholforskriften kapittel 10.

Eventuell inndraging av løyvet skal bli lagt til ein periode sals- eller skjenkestaden normalt har ope. Inndragingsperioden kan ikkje bli lagt til tider på året staden normalt har stengt eller i praksis er utan trafikk.

- 11.11.2 Dersom forhold ved skjenking etter ambulerande løyve eller løyve gitt for bestemt høve normalt ville ført til inndraging av skjenkeløyve, skal slik inndraging kome til uttrykk ved at løyve ikkje blir gitt ved neste søknad frå same person, lag, organisasjon eller annan institusjon.

12. RAPPORTERING OG GEBYR

- 12.12.1 Løyvehavarar er pliktige til å rapportere til kommunen mengde omsett alkohol for kvart år innan 1. mars påfølgjande år. Saman med rapportering av omsetning skal det innhentast politiattest og oppdatert skatteattest for firma og relevante personar med innflytelse på drift. Omsetningstala danner grunnlag for utrekning av gebyr, som følgjer dei maksimale satsar fastsett i forskrifta.

- 12.12.2 Gebyrsatsane går fram av forskrifta kapittel 6-2.

- 12.12.3 Avgift for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk blir fastsett av helse- og omsorgsdepartementet kvart år.

- 12.12.4 Gebyr for ambulerande løyve og eit særskilt høve følgjer satsane i forskrifta, for henholdsvis små og store arrangement.

- 12.12.5 Sals- og skjenkeavgiftene skal delvis gå til rusførebyggande tiltak. Tiltak i Rusmiddelpolitisk handlingsplan kan unntaksvis finansierast med desse midlar. Deler av avgiftene skal også gå til kontrollverksemd.

13. DELEGERING

- 13.13.1 Kommunestyret behandlar søknad om nye og fornying av eksisterande sals- og skjenkeløyve innan 30.9. første virkeåret etter kommuneval. Behandlinga skal skje i tråd med alkohollova, tilhøyrande forskrifter og gjeldande rusmiddelpolitisk handlingsplan for Ål kommune.

- 13.13.2 Formannskapet behandlar nye løyvesøknader som kjem i løyveperioden. Behandlinga skal skje etter same vilkår som vart nytta i pkt. 2.13.1.

- 13.13.3 Kommunestyret delegerer til formannskapet å inndra sals- og skjenkeløyve etter alkohollova § 1-8, forskrift kapittel 10.

13.13.4 Rådmannen - eller den han delegerer det til:

- behandlar søknader om tildeling av ambulerande løyve og løyve til bestemte høve
- godkjenne ny styrar og stedsfortreder ved sals- og skjenkestader i løyveperioden - tildeler prikkar ved brot på alkohollova etter kontrollar, jf. alkohollova § 1-8.

14. Definisjonar

14.14.1 Slutta selskap er til dømes bryllaup, jubileum og andre selskap der talet på -, og namn på gjestene er klart på førehand, og der gjestane er særskild invitert. Klubbar, organisasjonar eller reiseselskap er ikkje slutta selskap, jf alkohollova § 4.5.

14.14.2 Løyve ved einskilde høve er tenkt brukt ved einskilde arrangement som skil seg frå den daglege drifta ved serveringsstaden.

14.14.3 Einskilde høve er t.d. jubileum for skjenkestaden eller andre store markeringar.

14.14.4 Helge- og høgtidsdagar i seg sjølv går ikkje under kategorien "einskilde høve."

14.14.5 Arrangement på meir enn fjorten dagar vert ikkje definert under kategorien "einskilde høve."

15. Ansvarleg vertskap

15.15.1 Løyvehavar er pliktig til å ha bestått e – læringkurs «ansvarlig vertskap»

Kurset «ansvarlig vertskap», er laga på oppdrag frå Helsedirektoratet.

Dette er eit tiltak som bidreg til å heve kompetansen i den enkelte verksemda. Kursbevis skal leggjast ilag med internkontroll.

16. Tiltak og samlingspunkt til rusfrie arrangement

Det vert årleg satt av minimum 35.000 NOK av omsetjingsgebyret til rusfrie aktivitetar/arrangement i tråd med økonomiplanen. Organisasjonar, lag, råd, enkeltpersonar og klubbar med initiativ som kjem ungdom til gode vert oppfordra til å søke. Ubrukte midlar skal setjas på ein konto der ubrukte beløp vert akkumulert til seinare år, inntil 150 NOK. Det er ingen øvre grense på søknadsbeløpet så lenge det vert halde innanfor kontoen sitt totalbeløp. Søknader skal hansamast av formannskapet.
